

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep.
0030 OSLO

Vår referanse: 12/00444-2
Arkivkode: X00 &00
Saksbehandler: Frode Lauareid
Deres referanse: 2010-12591
Dato: 15.05.2012

KS fremjer fylgjande synspunkt til forslag til forskrift om kommunal handheving av politivedtekter:

KS er positiv til at kommunane får høve til lokal handheving av politivedtekter.

Til § 1. Formål

Forskriften skal sikre ensartet og effektiv sanksjonering av vedtekter som håndheves av kommuner etter politiloven § 14 tredje ledd.

Når det gjeld bøter, er det kjent at storleiken på bøter varierer frå politidistrikt til politidistrikt. Dette har ofte ei lokal grunngeving. Det bør vera rom for at storleiken på gebyra varierer ut frå lokale forhold på same måte som bøkene varierer. I staden for nasjonal einsretting, bør det skje ei samordning mellom kommunen og politidistriktet.

Det vil vera god demokratiske kontroll med storleiken på gebyra, i og med at dette må ut på høyring før dei lokale politivedtektene vert fastsette av kommunen. Departementet har også heimel til å nekta å godkjenne lokale vedtekter som går ut over grensa for det som er rimeleg. Departementet bør vera tilbakehaldne med å underkjenna lokale avgjerder på dette området, særleg dersom kommunestyret er samrøystes eller mindretallet er marginalt.

Til § 2. Virkeområde

Forskriften får anvendelse i kommuner som vedtar handheving etter politiloven § 14 tredje ledd, og regulerer utøvelsen av adgangen til handheving av vedtekter fastsatt etter politiloven § 14 første ledd nr. 1 og 2. Slik adgang til kommunal handheving omfattar overtredelser av bestemmelser i vedtektene om

- a) å hindre tilgrising på steder som er alminnelig beferdet eller bestemt for alminnelig ferdse,*
- b) hus eller grunneiers plikt til å holde det rent og ryddig på fortau eller tilsvarende område i umiddelbar tilknytning til eiendommen,*
- c) hus eller grunneiers plikt til å rydde for snø og strø når det er glatt, og om*
- d) hus eller grunneiers plikt til å sikre ferdse uten hinder av snø- og takras og gjenstander på eller ut over fortau*

I bokstavane b til d er det ein skrivefeil når det står «hus eller grunneiers plikt»; Det skal stå «hus- eller grunneiers plikt». Om departementet er usamd i dette, bør politilova § 14 endrast, fordi der står det skrive i samsvar med siste alternativ.

Til § 3. Adgang til å ilegge overtredelsesgebyr

Kommunen, eller personer utpekt av kommunen, kan ilegge overtredelsesgebyr for overtredelse av bestemmelser som nevnt i § 2.

Overtredelsesgebyr kan ilegges enkeltperson eller foretak, eier av hus eller grunn og den som fester, bruker, leier eller bestyrer hus eller grunn. Overtredelsesgebyr kan ilegges foretak selv om det ikke kan ilegges noen enkeltperson.

Formuleringa «[k]ommunen, eller personer utpekt av kommunen» framstår som noko merkeleg. Det bør vera slik at det er kommunen som står for handhevinga av politivedtektene. Så er det slik at kommunen alltid må delegera til fysiske personar å gjennomføra handlingar på vegner av kommunen. Slik denne føresegna er formulert, kan det verka som at kommunen kan delegera sjølve handhevingsretten til juridiske personar utanfor den juridiske personen kommunen. Det bør det ikkje vera høve til. Difor kan leddet «eller personer utpekt av kommunen» strykast. Delegeringsheimel følgjer av kommunelova.

KS vil stilla spørsmål om andre ledd er presist nok utforma. Gebyret må utferdast til den som er ansvarleg for å utbetra forholdet. I ein bygning med mange husvære, kan ikkje den einskilde leigetakar vera ansvarleg for at istappar vert fjerna frå taket. Det må vera eit ansvar for huseigar. Motsett vil vera at grunneigar ikkje er ansvarleg for det same dersom huset er eigd av ein festar. Slik regelen er formulert, opnar den for eit slags solidaransvar som kanskje ikkje er tiltenkt. Dette bør i tilfelle klargjerast.

Til § 4. Begrensninger i adgangen til å ilegge overtredelsesgebyr

Overtredelsesgebyr skal ikke ilegges når overtredelsen må anses unnskyldelig på grunn av sykdom, alderdom eller annen årsak, eller dersom overtredelsen skjer som følge av uforskyldte hindringer som den ansvarlige ikke med rimelighet kan overkomme.

Overtredelsesgebyr kan ikke ilegges dersom overtredelsen er håndhevet av politiet. Politiet kan ikke håndheve overtredelser som er håndhevet av kommunen.

Særlig alvorlige overtredelser skal håndheves av politiet. Som særlig alvorlige overtredelser regnes overtredelser av særlig omfang eller som medfører stor risiko for liv eller helse.

KS syns ikkje det skal innførast amnesti som følgje av sjukdom og alder. Heimelen for å ileggja strafferettsleg bot er tilstades også overfor gamle og sjuke, og det bør difor vera tilsvarande for sivilrettslege gebyr. Det vil også vera heimel for å gje pålegg etter forureiningslova og plan- og bygningslova, sjølv om grunneigar er gamal eller sjuk. Det er ingen god regel at ein ikkje skal ha ansvar for å fjerna risiko for andre berre fordi ein er gamal eller sjuk. KS kan ikkje sjå meining i at ein 80 år gamal huseigar skal kunna utsetja andre 80-åringar for lårhalsbrot grunna glatte fortau.

Regelen opnar også for mange vanskelege grensedragingar. Når er ein sjuk nok eller gamal nok til å sleppa å rydda opp på eigen eigedom. For dei fleste, også unge og friske, er det eit praktisk alternativ å hyra inn folk til å rydda fortau og hustak.

KS meiner det heller bør vera slik at dersom ein huseigar grunna sjukdom eller alder ikkje klarer sjølv i ivareta sitt ansvar som huseigar når det gjeld å ikkje setja andre sitt liv og helse på spel, at kommunen kan iverksetja tiltak for huseigars rekning. Det er vanleg innan annan lovgjeving, sjå t.d. forureiningslova. KS vil stilla spørsmål om det ikkje i ei viss utstrekning også er heimel for dette ut frå reglane om negotiorum gestio.

Til § 5. Overtredelsesgebyrets størrelse

For overtredelse av bestemmelser som nevnt i § 2 bokstav a kan ilegges et overtredelsesgebyr på kr 500 eller kr 1000.

For overtredelse av bestemmelser som nevnt i § 2 bokstav b og c kan ilegges et overtredelsesgebyr på kr 1000 eller kr 1500.

For overtredelse av bestemmelser som nevnt i § 2 bokstav d om sikring av ferdsel mot gjenstander på eller utover fortau kan ilegges et overtredelsesgebyr på kr 500 eller kr 1000.

For overtredelse av bestemmelser i vedtektene som nevnt i § 2 bokstav d om sikring av ferdsel mot snø- og isras fra tak kan ilegges et overtredelsesgebyr på kr 1500, kr 3000 eller kr 5000.

Ved avgjørelsen av hvilket overtredelsesgebyr som skal ilegges skal overtredelsens karakter, omfang, varighet og virkning tas i betraktning. For gjentatt eller alvorlig overtredelse kan overtredelsesgebyret etter første til fjerde ledd forhøyes med 50 %. Som alvorlig overtredelse regnes overtredelser av stort omfang, som medfører stor ulempe for publikum, eller potensiale for stor skade eller lignende.

KS meiner det ikkje bør vera faste grenser for gebyret. I andre gebyrheimlar som t.d. i forureiningslova og plan- og bygningslova skal gebyr stå i høve til saka og kva kostnader kommune har til å administrera ordninga. Slik bør det også vera her. KS vil minna om at forskriftene skal ut på høyring lokalt og vedtakast av kommunestyret. Storleiken på gebyra vil såleia ha solid lokal demokratisk forankring. Klager i konkrete saker skal avgjerast av den kommunale klagenemnda som er samansett av lokale folkevalde.

KS vil også peika på at dersom det er store skilnader på gebyr og bøter, kan dette opna for spekulasjon over kva reaksjonsform som skal velgjast.

KS vil føreslå at det vert opna også for løpande gebyr. Dette er vanleg i forureiningssaker, plan- og bygningsaker og saker etter brann- og eksplosjonsvernlova. Løpande gebyr treng ikkje vera så høge, men inneheld ei effektiv oppmøiding til å ordna forholdet. KS meiner eit slikt regime også vil vera effektivt innan området for handheving av politivedtekter.

Til § 6. Ileggelsen av overtredelsesgebyr

Overtredelsesgebyr skal ilegges på stedet ved at blankett med gebyr og innbetalingskort leveres overtrederen eller en representant for denne. I særlige tilfeller kan gebyret sendes i posten.

Ved illeggelse av overtredelsesgebyr på stedet kan overtrederen kreve at kommunens kontrollører legitimerer seg.

Er gebyret ikke betalt innen tre uker etter illeggelsen, forhøyes det med 50 %. Dette gjelder selv om gebyret er påklaget.

Overtredelsesgebyret tilfaller kommunen.

KS stiller spørsmål ved kvifor ein skal ha ein framgangsmåte der gebyret skal overleverast den ansvarlege. Vanleg praksis er at ei gebyrsak vert vurdert av sakshandsamar ut frå dei bevisa som fins i saka, og at vedtak vert utskrive og sendt i posten, eventuelt i rekommandert

sending. Kva ein skal oppnå ved å leggja opp til ein hovudregel om personleg overlevering kan KS vanskeleg sjå. Dette er ikkje vanleg praksis i andre saker. Framgangsmåten vert stort sett nytta dersom den ansvarlege prøver å unndra seg å motta gebyrvarselet.

KS vil reise spørsmålet om gebyret skal vera tvangsgrunnlag for utlegg. Det er vanleg i andre gebyrsaker. Det er også vanleg at slike gebyr kan drivast inn etter reglane for skattekrav.

Til § 7. Klage

Ilagt overtredelsesgebyr kan påklages til kommunen, eller den instans som er utpekt av kommunen. Dersom vedtaket ikke endres eller oppheves skal saken sendes klageinstansen, jf. forvaltningsloven § 28.

Klage må fremmes innen tre uker ileggelsen av overtredelsesgebyret. Ved beregning av fristen og utforming av klagen gjelder forvaltningsloven §§ 29 til 32.

KS vil påpeika at det ligg ein kvalitet i desse klagereglane som ikkje gjeld for strafferettslege bøter. Ved at klagen skal leggjast fram for den kommunale klagenemnda, som er samansett av folkevalde, får ein ein demokratisk kontroll med kva ein skal utferda gebyr for og også storleiken på gebyret. Dette tilseier at ein skal vera tilbakehaldne med statleg administrativ kontroll gjennom departementet. Minner om at Sivilombudsmannen er tilgjengeleg for ei vurdering av konkrete saker.


Alternativet når det gjeld strafferettslege bøter, er å få saka vurdert av domstolane. Dersom saka ikkje fører fram, er det risiko for å bli ilagt sakskostnader. Denne risikoen har ein ikkje ved forvaltningsklage til det kommunale klageorganet.

Til § 8. Ikrafttredelse

Forskriften gjelder fra 1. juli 2012.

KS har ingen merknader til datoen for ikraftsetjing ut over at fristen ikkje bør bli vesentleg seinare enn dette, i tilfelle behov for utsetjing.

Vennleg helsing



Tor Allstrin
avd.dir. KS Advokatene



Frode Laurareid
advokat